



LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØ

Dato: 10.05.2019  
Vår ref.: 2019/2638-4  
Saksbehandlar: tortil  
Dykkar ref.:

## Kystpilegrimsleia – frå prosjekt til Nasjonal Pilegrimslei. Mogelegheiter og utfordringar. Innkalling til drøftingsmøte med kommunar, kyrkje og reiseliv i Fylkeshuset 11. juni 2019

Det vert med dette kalla inn til drøftingsmøte i Fylkeshuset, Bergen, 11. juni 2019 kl. 10-14. Møtet finn stad i møterom «Forskjønnelsen», Wigandgården , 8. etasje. Wigandgården ligg tvers over gata frå Fylkeshuset i Agnes Mowinckelsgate.

Invitasjonen vert sendt til kommunane Sveio, Sund, Fjell, Øygarden, Lindås, Radøy, Austrheim, til representantar frå Kyrkja, til det organiserte reiselivet (Fjord/Norge/NCE Tourism, destinasjonsselskap) og til Kystsogevekene.

Målet med møtet: **At nøkkelstader i dei aktuelle kommunane vert peika ut, og at desse kan fungere i reiselivssamanhang – som ressursar for rundreiser med utgangspunkt i Bergen og for folk som bur på plassane.**

### Program for drøftingsmøte 11. juni:

10:00	Velkommen
10:05	Innleiing om Kystpilegrimsleia og den nye statusen som permanent lei <i>Tor Titlestad, HFK, og Ragna Sofie Grung Moe, Bjørgvin Bispedømme</i>
10:30	Dei utfordringane som ligg i å gjere etappar og opplevelingar til reiselivsprodukt <i>Monica Gjesdahl, NCE Tourism</i>
10:50	Bokprosjektet om Kystpilegrimsleia <i>Rune Nylund Larsen</i>
11:20	Lunsj
12:00	Presentasjon frå Sveio
12:05	Presentasjon frå Sund
12:10	Presentasjon frå Fjell
12:15	Presentasjon frå Øygarden
12:20	Presentasjon frå Lindås
12:25	Presentasjon frå Radøy
12:30	Presentasjon frå Austrheim

<b>12:35</b>	<b>Kva ligg det i å vere nøkkelstad?</b> <i>Tor Titlestad, HFK</i>
<b>12:45</b>	<b>Kyrkja si rolle. Opne kyrkjer, pilegrimsliturgi, pilegrimspass o.a.</b> <i>Sofie Grung Moe, Bjørgvin Bispedømme</i>
<b>13:00</b>	<b>Felles drøfting: Korleis lage rundreiseprodukt med utgangspunkt i Bergen?</b>
<b>13:30</b>	<b>Marknadsføringa av Kystpilegrimsleia regionalt og nasjonalt</b> <i>Monica Gjesdahl, NCE Tourism</i>
<b>13:45 - 14:00</b>	<b>Oppsummeringar og konklusjonar. Vegen vidare.</b>

**Bakgrunn:****Kystpilegrimsleia – utvikling**

Kystpilegrimsleia har gått gjennom 3 utviklingsfasar, forprosjekt 2012-13, hovudprosjekt 2014-18 og arbeidet for å finne fram til ei permanent organisering av Kystpilegrimsleia under Nasjonalt Pilegrimssenter i Trondheim i året 2019.

Kystpilegrimsleia har vore høgt prioritet i alle dei fem fylkeskommunane langs kysten og det har vore eit stort engasjement både frå kyrkja, kommunane, destinasjonselskapene, reiselivsbedriftene og frivillige lag og organisasjonar langs kysten for å løfte fram Kystpilegrimsleia. Prosjekteigarane i Kystpilegrimsleia er fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag.

På det statlege planet vart arbeidet med å legge til rette for pilegrimsvandringar starta opp i 1997. I 2010 vart det etablert regionale pilegrimssenter langs Gudbrandsdalsleden frå Oslo til Trondheim. Desse vart lagt til Oslo, Gran, Hamar, Hundorp og Dovrefjell. Nasjonalt Pilegrimssenter vart oppretta i 2013 som del av ein statleg strategi. Talet vandrarar på kortare og lengre turar langs pilegrimsleden har auka år for år, parallelt med at det har blitt etablert stadig fleire pilegrimsleder. I tillegg til Gudbrandsdalsleden, er følgjande pilegrimsleder godkjende som nasjonale St.Olavsvegar til Trondheim: St.Olavsleden, Østerdalsleden, Romboleden, Nordleden, Folloleden, og Valldalsleden. I tillegg er fleire leder under utvikling (Pilegrim i Nord, Glåmdalsleden og Tunsbergleden).

Landets historisk viktigaste pilegrimslei – Kystleia – kom med som nasjonal pilegrimslei og Europeisk Kulturveg etter søknad frå Kystpilegrimsleia til Nasjonal Pilegrimssenter i desember 2017. Det vert her vist til vedlegg 1, utdrag frå forprosjektrapporten 2013, forfatta av Irene Baug.

Med godkjenning som nasjonal pilegrimsveg og Europeisk Kulturveg i 2017, og identifiseringa av 26 sentrale nøkkelstader langs leia, er det lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid med utvikling av leia. Det står no att eit arbeid med å operasjonalisere leia, slik at leia kan presenterast som eit heilskapleg produkt for dei som vil oppleve kysten som pilegrimslei.

I 2019 arbeider prosjektet Kystpilegrimsleia med to delprosjekt:

**Delprosjekt 1: «Kystpilegrimsleia over i ein ny fase».** Prosjektet skal finne ein interregional modell for finansiering, organisering og drift av Kystpilegrimsleia. I driftsmodellen skal det omtala kva oppdrag, oppgåver, ansvar og mynde som skal leggast til Kystpilegrimsleia og kva som skal sentralisera til Nasjonalt Pilegrimssenter. I finansieringsmodellen skal det omtala korleis drifta av Kystpilegrimsleia skal finansierast og kven som skal finansiere (budsjettmodell). I tillegg skal det i arbeidet veljast ut regionale pilegrimssenter langs leia. Desse vil få tildelt ansvar for eit naturleg tal nøkkelstader. Som del av arbeidet skal det også utformast forslag til langsiktige arbeidsavtalar mellom Nasjonalt Pilegrimssenter og dei einskilde regionale sentera. Avtalane skal spegle kva oppdrag, oppgåver, ansvar og mynde dei regionale

pilegrimssentera skal ha, samt innehalde ein plan for drift og finansiering med årleg oppfølging med tanke på mål, resultat, statistikk m.m.

Arbeidet skal basere seg på føringar/rammer for det statlege arbeidet frå Kulturdepartementet og på den nye langstidsplanen som er forventa ferdigstilt i 2019. Prosjektleiar for dette delprosjektet er tilsett ved Nasjonalt pilegrimsenter. Stillinga er finansiert av fylkeskommunane (avsette prosjektmidlar) og prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa for Kystpilegrimsleia.

**Delprosjekt 2: «Kystpilegrimsleia fase 2».** Fjord Norge sin produktutviklingsavdeling NCE Tourism arbeidde i 2017/18, på oppdrag frå prosjektet Kystpilegrimsleia, med å utvikle Kystpilegrimsleia som reiselivsprodukt. Det er utvikla ein hovudtur som tek 11 dagar og forslag til 4 etappeturar. Det står likevel att arbeid med å følgje opp marknadssida og legge til rette vidare slik at publikum kan planlegge, tinge og gjennomføre turane. Dette vil omfatte pakking både for individuelt reisande og i form av organiserte turar. NCE Tourism har no fått i oppdrag å arbeide fram dette, i samarbeid med Nasjonalt pilegrimssenter og dei fem fylkeskommunane. Arbeidet vert finansiert av fylkeskommunane (avsette prosjektmidlar) og prosjektleiar hos NCE rapporterer til styringsgruppa for Kystpilegrimsleia.

### Nøkkelstader

Basert på ei rekke kriteria, har alle fylka valt ut nøkkelstader i Kystpilegrimsleia. I Sogn og Fjordane og Hordaland, er dette nøkkelstadene/nøkkelområda:

Hordaland:	Prioritet:
Moster/Bømlo	2
Sund/Fjell/Øygarden	4
Bergen/Fana	1
Fitjar/Sveio	6
Lindås/Radøy/Austrheim	5
Halsnøy Kloster	3
<b>Sogn og Fjordane:</b>	
Gulatingsstaden/Eivindvik	3
Kvernsteinsparken	4
Kinn i Flora	1
Selje kloster	2
Vilnes i Askvoll	6
Korssund i Fjaler	7
Svanøy i Flora	5

Når det gjeld omtale av nøkkelstadar/område i Hordaland, vert det vist til omtale i søknaden til Nasjonalt Pilegrimssenter 2017, vedlegg 2.

Arbeidet har fram til no vore fokusert på dei tre stadene med høgste prioritet i Hordaland, og på leggje til rette for etappeturar sør-nord for løypa som heilskap.

Det er no på tide å gje dei stadene som til no ikkje har vore fokusert på, meir merksemd. I styringsgruppemøte (styringsgruppa – ein politisk oppnemnd representant frå kvar av dei fem fylka, og ein representant frå dei fire bispedømmna) 11. april vart dette presentert:

Nøkkelområde	Kulturminne	
Bergen	Mellomalderkyrkjene, Holmen, Bryggen, Fana kyrkje, Lyse kloster	
Bømlo	Moster kyrkje og Moster Amfi	
Kvinnherad	Halsnøy kloster	
Sund, Fjell, Øygarden	Gjestgjevarstadene langs leia (Den ytre Farleia)	Skal verte vidare drøfta med kommunane
Lindås, Radøy, Austrheim	Den indre Farleia, Kongsgardane på Seim og Lygra	Skal verte vidare drøfta med kommunane
Sveio		Skal verte vidare drøfta med kommunane

Ei varig regional satsing på Kystpilegrimsleia i form av etableringa av Regionale Pilegrimssenter (RPS), føreset at dei regionale pilegrimssentra byggjer vidare på og vidareutviklar dei nøkkelstadene Kystpilegrimsleia har peika ut.

### Der vi er no – og vegen vidare

Kystpilegrimsleia ar altså kopla på det nasjonale nettverket av pilegrimsleier under Nasjonalt Pilegrimssenter. Nasjonalt pilegrimssenter (NPS) har sidan 2012 leia arbeidet med den statleg finansierte pilegrimssatsinga. Fram til 2016 var NPS ein del av Riksantikvaren, organisert under Klima- og miljøverndepartementet. I dag er NPS ei avdeling i Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider (NDR), organisert under Kulturdepartementet.

Kulturdepartementet har sett i gang arbeidet for å utvikle ein ny langtidsplan for pilegrimssatsinga. Endeleg plan skal leverast departementet tidleg hausten 2019.

Målet for ny langtidsplan er:

**Pilegrimsleden - St. Olavsvegene til Trondheim skal være en av de viktigste pilegrimsrutene i Europa og en kjent og aktet vandringsled i Norge.**

Høyringsutkastet legg opp til fem satsingsområde:

- *Kirke, tro og søker.* Kyrkjeleg forankring, både som premissgjevar til det moderne pilegrimsfenomenet og som forvaltar av historiske ressursar. Det er viktig at kyrkjene langs leia haldast opne i sesongane.
- *Næringsutvikling (reiseliv).* Samarbeid med det organiserte reiselivet på utvikling av tilbod, pakketing av tilbod og marknadsføring.
- *Kultur.* Å tilgjengeleggjere og formidle dei store kulturattraksjonane kystkulturen langs leia representerer
- *Miljø.* Pilegrimsvandring, sjølv i overført tyding som reise langs kysten, skal vere grøn turisme og i samsvar med dei 10 berekraftmåla Visit Norway har utvikla rundt bevaring av natur, kultur og miljø, og styrking av sosiale verdiar og økonomisk levedyktigheit.
- *Internasjonalt arbeid - Europeisk kulturvei.* St. Olavsleiene i Noreg er med i Europarådet si satsing på Europeiske Kulturvegar.

I organiseringa av arbeidet for å realisere høyringsutkastet sine mål, står regionale pilegrimssenter (RPS) sentralt. Det er lokalt både den kulturelle og økonomiske verdiskapinga finn stad.

Høyringsutkastet føreset at det vert etablert i alt 4 regionale pilegrimssentra i Kystpilegrimsleia som skal fungere under og i samspel med Nasjonalt Pilegrimssenter i Nidaros. Det har vore diskusjonar om tal regionale senter langs Kystpilegrimsleia, men prosjektgruppa landa på 4. Dette er grunngjeve ut frå behova

sett fra brukarperspektivet. Kysten er lang og tilretteleggings- og informasjonsbehovet skal ivaretakast på ein tilfredstillande og god måte. Til dette vil det vere behov for regionale senter ved minimum 4 nøkkelstader.

#### *Regionale Pilegrimssentra – funksjonar og innhald*

1. Kvart RPS skal ha sitt ansvar for verksemda knyta til eit definert geografisk område langs Kystpilegrimsleia. Ansvarsområda skal verte bestemt slik at dei saman med Nasjonalt Pilegrimssenter sitt ansvarsområde dannar ei samanhengande kjede frå Egersund til Nidaros langs kysten.
2. RPS skal organiserast og virke slik at samarbeid om pilegrimssatsinga fremjast mellom kommunar, kyrkjelyder av ulike konfesjonar, næringslivsaktørar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar innanfor regionen.
3. Ved kvart RPS skal det være tilsett ein person som er ansvarlig for den daglege verksemda.
4. RPS skal bidra til fornying og utvikling av pilegrimstradisjonen i Norge gjennom samarbeid seg imellom, med Nasjonalt Pilegrimssenter, andre RPS i Pilegrimsleiene, pilegrimsprestane, pilegrimsforeiningane; Den norske kyrkja og andre.

I drøftinga vil det vere ei avveging å ta inn organisatoriske føresetnader som alt er på plass – det vil alltid vere rimelegare å utvikle eksisterande organisasjonar enn å bygge opp noko nytt. RPS bør primært ha faglege funksjonar, kulturformidling, gaiding - i tillegg til å ha viktige funksjonar ovanfor kyrkja (opningstider, pilegrimsrådsmøter mv.).

Pilegrimsturisme har også praktiske, reiselivsmessige trøng for tenester som pilegrimane har krav på, som booking, reiseplanlegging – og reiseinformasjon på førehand og under reisa. Dette er funksjonar det etablerte reiselivet er dyktige på og har apparat for. I denne samanhengen er det viktig å hugse på den interregionale organisasjonen FjordNorge med hovudkontor i Bergen og som 4 av fylka på Vestlandet støttar opp under (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal).

#### **Vestland fylke: Eitt eller fleire RPS?**

Vestland fylke har store geografiske avstandar, noko som vil gje utfordringar m.o.t. oppfølginga, kvaliteten og kontinuiteten i det tenestetilbodet som skal leverast lokalt. Det er også verd å merkje seg at dei landbaserte leiene – som har vore nasjonale pilegrimsleier lengre enn Kystpilegrimsleia (Gudbrandsdalsleia; Østerdalsleia o.a.) – ikkje har etablert ein fast praksis på kor store område RPS 'ane skal ha ansvar for (det er t.d. ikkje slik at det er eitt RPS for kvart fylke leia går gjennom).

Når det gjeld prioritering av pilegrimsleder, er det føreslege at Gudbrandsdalsleden og St. Olavsleden vidarefører sine regionale senter og at Kystpilegrimsleia og Borgleden opprettar slike. Dei andre ledene er godkjende leder med lokale interesser og ressursmiljø, men utan formalisert organisering og avtalefestet samarbeid med NPS.

Med bakgrunn i erfaringane med å bygge opp tilbodet og drifta av Gudbrandsdalsleden, vert det føreslege ein modell med fire regionale senter langs Kystpilegrimsleia. Det vert elles vist til at Kystpilegrimsleia representerer noko nytt i vår tids pilegrimsarbeid, der ein tradisjonelt tenkjer vandringsruter, og at ei revitalisering av den historiske pilegrimsruta langs kysten vil bidra til å legge til rette for pilegrimsopplevelingar for nye brukargrupper og utvide sesongen for pilegrimsreiser. Det vert også vist til at Fjord Norge og kysten er sentrale reisemål med erfarne aktørar innafor reiseliv.

#### **Drøftingsmøte 10. april 2019**

Ved at organiseringa av regionale pilegrimssenter vil verte gjeldande frå 2020, er det naturleg med ei samordning av planar mellom Sogn og Fjordane og Hordaland i høve etableringa av regionale pilegrimsenter. Politiske og administrative representantar frå Sogn og Fjordane og Hordaland hadde møte om dette 10. april på Fylkeshuset i Bergen. I møtet vart det anbefalt at det innan det geografiske området for Vestland fylke, kan vere trøng for 2 senter, eitt i Sogn og Fjordane og eitt i Hordaland. I Sogn og

Fjordane står valet mellom Kinn og Selje. I Hordaland vart det anbefalt at ei eventuell etablering av eit regionalt pilegrimssenter bør skje i Bergen.

I Hordaland, representerer stadene og områda ulike gradar av organisering og tilrettelegging når det gjeld å ta imot pilegrimsturisme. Moster og Halsnøy kloster må seiast å ha organisering og røynsle gjennom fleire år. Kvinnherad og Børmlø kommunar stiller seg også bak deira nøkkelstadar i tilknyting til Kystpilegrimsleia. I Bergen, som ut frå historia heilt klart ligg som prioritert 1, er rik på institusjonar som kan ta roller i denne samanhengen.

I Sogn og Fjordane er det i første rekke Selje og Kinn som er aktuelle for organisering og tilrettelegging for pilegrimsturisme. Her er det stor lokalt engasjement og begge stadene har erfaring med pilegrimsarrangement, historiske spel og pilegrimsvandringar. Mellom dei to stadene går også Sunnivaleia, som det knyter seg stort kyrkjeleg engasjement til og der det kvart år vert arrangert pilegrimsreise/vandring mellom dei to øyane. Både Flora (komande Kinn kommune) og Selje (komande Stad kommune) stiller seg bak deira nøkkelstader i tilknyting til Kystpilegrimsleia.

Rogaland har valt å satse på Avaldsnes som deira Regionale Pilegrimssenter.

### Bokprosjekt om Kystpilegrimsleia

Fylka har vedteke å gå inn med produksjonsstønad til eit bokprosjekt om Kystpilegrimsleia, og det er inngått avtale med forlaget Rune Nylund Larsen.

Kystpilegrimsleia skal presenterast med omtale av alle nøkkelstadene. Kvart av fylka skal tilgodesjåast med like mykje plass. Boka vil bli rikt illustrert med bilde og vere på om lag 300 sider. Boka er tenkt som ein inspirasjon for dei som ønsker å ta turen langs Kystpilegrimsleia. I budsjettet er det sett av 4 veker til reise for fotodokumentasjon av dei nøkkelstadene som ikkje vart besøkt under opningssegla. Boka vil også få ei historisk innleiing. Aktuell forfattar til denne delen er Alf Tore Hommedal (Universitetet i Bergen). I tillegg vil det inngå eit samandrag på engelsk, evt. også tysk. Rune Nylund Larsen vil gje ut boka på eige forlag. Utsalsprisen på boka vil vere 450 kr. Opplag: 3000 bøker. Det er lagt inn 10 gratis bøker til kvar fylkeskommune og bispedøme (90 bøker). Fylkeskommunane og bispedøma kan kjøpe ytterlegare bøker til sterkt rabattert pris, 50% av utsalspris. Planlagt utgjeving november/desember 2019.

Boka vil vere eit godt utgangspunkt for utarbeidning av ein guidebok for pilegrimsleia og mykje av informasjonen vil vere aktuell for digital formidling på NPS sine sider.

### Utpeiking av nøkkelstader

Vi vil utfordre kommunane til drøftingsmøtet å kome med forslag til dei stadene dei vil satse på i Kystpilegrimsleia. Til hjelp, kan en nytte kriteriesettet nedanfor:

Tema:	Kriteria:
Utpeiking av nøkkelstader i kommunane	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Historia til stader og kyrkje</li> <li>- Rolla dei spela i pilegrimsferdsla langs kysten</li> </ul>
Reiselivsmessig tilrettelegging	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Mat</li> <li>- Overnatting</li> <li>- Gjestehamn</li> </ul> <p><i>Organiserte aktivitetar/opplevingar:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Guiding</li> <li>- Utstillingar</li> <li>- Skilting</li> <li>- Trykt info</li> <li>- Digital formidling (web, mobil, sosiale media)</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Open kyrkje</li> <li>- Andre tilbod</li> </ul>
<i>Transport</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Bil</li> <li>- Bobil/camping</li> <li>- Buss</li> <li>- Ferge</li> <li>- Hurtigbåt</li> </ul>

Det vert også vist til regionale kart over Kystpilegrimsleia, sjå vedlegg 3.

Til drøftingsmøtet legg vi opp til at kvar kommune presenterer kva dei har komme fram til i 5 minutts innlegg.

Kommunewise presentasjonar: Dersom kommunar ønskjer det, er det fullt høve til å slå seg saman med andre kommunar under presentasjonane.

**Påmelding til [tor.andreas.titlestad@hfk.no](mailto:tor.andreas.titlestad@hfk.no) innan 7. juni 2019.**

Vel møtt!

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*